



Sæbø skule,  
Søre Austmarka 4,  
5938 Sæbøvågen.  
Tlf. 56 34 98 00  
e-post: post.sabo.skule@radøy.kommune.no

## TIL HEIMANE

### Klovneri på skulen!

I dag hadde ein av elevane klovnemaske med seg på skulen. Ein annan tok denne maska på seg, noko som førte til at fleire elevar i småskulen vart redde.

Uskuldig moro for nokon, men skrek og frykt for dei minste.

Det er mørkt før skulestart om morgonen, noko som kan vera skummelt nok for enkelte.

Vi skal gjera vårt slik at ingen treng vera redde.

Eg skal vera ute i det aktuelle området før skulestart i morgen slik at vi hindrar gjentaking.

Eg oppmodar deg som forelder til ein prat med ditt/dine barn, både for å roa dei urolege, og for å hindra at nokon har med seg slikt utstyr på skulen.

Vennleg helsing

Rektor Rolf